



Dirk Kohlmann orienterte om landskapsparkane

**Vil Uskedalen bli ein landskapspark, som det førebels er 8 av i Hordaland? Det kan ingen svara på idag.**

**Det opne møtet i Gamleskolen i kveld om dette og om bygda som besøksmål for nasjonalparken gav ingen klår konklusjon.**



Kristian Bringedal orienterer om prosjektet

Det neste er avvikling av ein tur i juni til Herand, som er svært vellukka som landskapsark. Det vart registrert stor interesse for ein slik tur.



Rundt 20 var til stades på møtet.

Så skal saka opp att til realitetsdrøfting i august/september. Ikkje uventa vart det lagt for dagen ein viss skepsis under møtet, til dømes frå Bjarte Døssland. Han karakteriserte det som er gjort frå prosjektgruppa til Uskedalen Utvikling leia av Kristian Bringedal som imponerande, men var redd for at parkstatusen kan verka som ei klam hand.

- Vi veit ikke kva for ein status desse parkane vil få. Plutseleg kjem dei inn i planverket, og då sit vi der, sa Døssland.

Bringedal peika på at Uskedalen allereie er i gang med tiltak som ein landskapsark kan ta seg av og som dei må jobba med uansett. Om sitt eige engasjement i saka sa han. – Eg ser så store verdiar i bygda som ikkje er utnytta – både blant folk og i naturen. Om Uskedalen som besøksmål sa han at det er ein ufarleg status.

Gunn Mari Moberg meinte at ein landskapsark-status ikkje berre vil auka turistbesøket, men også trivselen for uskedalingane.

Magne Huglen sa at skjølva om ein parkstatus skulle bety begrensningar, kan bygda som heilheit tena på det.

Hans Reidar Kjærland meinte at eit samarbeid med grunneigarane må til om det skal bli noko av parken og antyda at det kunne skje gjennom grunn- og elveeigarlaget.

Rådgjevar hos Fylkesmannen Dirk Kohlmann presiserte i innleiinga si at dette korkje er ein næringspark eller ein nasjonalpark og heller ikkje eit verneområde. Det handlar ikkje nødvendigvis om eit reiselivsprodukt sjølv om det ofte blir satsa på slike. Herand har til dømes lagt stor vekt på kulturhistoria si. Åkrafjorden har også vore ein spydspiss og dobla besøkstala kvart år.

Kjernetanken bak parkane er næringsutvikling, men poenget er å ta vare på lokalmiljøet og presentera det slik det er i dag.

Spørsmålet om ein park set bom for til dømes småkraftverk gav ikkje Kohlmann noko heilt klårt svar på.

Han opplyste ellers at det ikkje blir operert med klare grenser for parkane, poenget er at ein skal føle tilhørigheit med det aktuelle landskapet.

I Uskedalen er det kanskje mest aktuelt å nytta parkbegrepet om dei øvre delar av dalen, antyda Kristian Bringedal.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen